<b>Sum avsetning til fond</b>	<b>19 170</b>	<b>13 436</b>	<b>2 500</b>	
<i>Bruk av avsetning:</i>				
Bruk av disposisjonsfond	5 992	6 168	6 825	
Bruk av bundne driftsfond	3 732	3 732	-	
Bruk av ubundne investeringsfond	-	-	-	
Bruk av bundne investeringsfond	-	-	-	
<b>Sum bruk av avsetninger</b>	<b>9 724</b>	<b>9 900</b>	<b>6 825</b>	
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	-3 592	-3 592	0	Se note 8
<b>Sum bruk av avsetninger</b>	<b>6 132</b>	<b>6 308</b>	<b>6 825</b>	
<i>Til avsetning neste år:</i>				
Regnskapsmessig merforbruk	-	-	-	Se note 8
<b>Netto avsetninger</b>	<b>13 038</b>	<b>7 129</b>	<b>-4 325</b>	

Avsetjinger spesifisert på tenesteområde	Disposisjonsfond	Bundne driftsfond	Ubundne investeringsfond	Bundne investeringsfond
FOLKEVALGTE ORGAN	-	-	-	-
ADMINISTRASJON	-	-	-	-
BARNEHAGE	-	11	-	-
SKULE	-	264	-	-
HELSE	-	475	-	-
SOSIAL OG BARNEVERN	-	643	-	-
PLEIE OG OMSORG	-	81	-	-
KULTUR	-	-	-	300
KYRKJA	-	-	-	-
TEKNISK	34	4 968	-	-
ANDRE TENESTEOMRÅDER	9 621	773	1 000	-
<b>Sum avsetjinger til fond</b>	<b>9 655</b>	<b>7 215</b>	<b>1 000</b>	<b>300</b>

Bruk av avsetjinger spesifisert på tenesteområde	Disposisjonsfond	Bundne driftsfond	Ubundne investeringsfond	Bundne investeringsfond
FOLKEVALGTE ORGAN	-	-	-	-
ADMINISTRASJON	100	-	-	-
BARNEHAGE	-	-	-	-
SKULE	-	-	-	-
HELSE	-	-	-	-
SOSIAL OG BARNEVERN	-	-	-	-
PLEIE OG OMSORG	-	-	-	-
KULTUR	-	-	-	-
KYRKJA	-	-	-	-
TEKNISK	2 328	3 732	-	-
ANDRE TENESTEOMRÅDER	3 564	-	-	-
<b>Sum bruk av avsetjinger</b>	<b>5 992</b>	<b>3 732</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

Fond	Pr. 01.01	Avsetjing	Bruk av avsetjing	Pr. 31.12
Disposisjonsfond	55 575	9 655	5 992	59 238
Bundne driftsfond	12 421	7 215	3 732	15 904
Ubundne investeringsfond	195	1 000	-	1 195
Bundne investeringsfond	-	300	-	300
<b>Sum fond</b>	<b>68 190</b>	<b>18 170</b>	<b>9 724</b>	<b>76 636</b>

## Note nr. 8 : Opplysningar om eigenkapitalkontoane (tal i heile tusen)

Andre eigenkapitalkontoar enn det som fremkommer av avsetjingar (note 7)

Regnskapsmessig overskot / udisponert	Driftsrekneskap	Investeringsrekneskap
Regnskapsmessig mindreforbruk / udisponert pr. 01.01.	5 084	-
Årets regnskapsmessige mindreforbruk / udisponert	-	-
Bruk av tidligere års mindreforbruk / udisponert	-3 592	-
Regnskapsmessig mindreforbruk / udisponert pr. 31.12.	1 492	-

Regnskapsmessig underskot / udekket	Driftsrekneskap	Investeringsrekneskap
Regnskapsmessig merforbruk / udekket pr. 01.01.	-	-
Årets regnskapsmessige meirforbruk / udekket	-	-
Dekning av tidligere års meirforbruk / udekket	-	-
Regnskapsmessig meirforbruk / udekket pr. 31.12.	-	-

Endring i regnskapsprinsipp	Driftsrekneskap	Investeringsrekneskap
Endring i regnskapsprinsipp pr. 01.01.	-2 201	-
Årets endring i regnskapsprinsipp	-	-
Endring i regnskapsprinsipp pr. 31.12.	-2 201	-

Saldo rekneskapsprinsippendringar gjeld toppfinansiering for ressurskrevande tenester; feriepengeavsetjingar og meirverdiavgiftkompensasjon.

## Note nr. 9 : Kapitalkontoen (tal i heile tusen)

Kapitalkontoen beskriv kor mykje kommunen har brukt av eigenkapitalen sin til å finansiera anleggsmiddel. Dette fremkommer som differansen mellom balanseført verdi av anleggsmiddel og langsiktig gjeld justert for ubrukte lånemiddel.

Auke av anleggsmiddel eller reduksjon av langsiktig gjeld medfører ein auke av beholdningen på kapitalkonto  
Reduksjon av anleggsmiddel eller auke av langsiktig gjeld medfører ein reduksjon av beholdningen på kapitalkonto.

Transaksjonar med resultatverknad (utgiftsført) er kjøp av anleggsmiddel eller avdrag på lånegjeld.  
Transaksjonar med resultatverknad (inntektsført) er sal av anleggsmiddel eller opptak av nye lån.

Transaksjonar utan resultatverknad er oppskrivning av anleggsmiddel eller nedskrivning av lån.  
Transaksjonar utan resultatverknad er av- og nedskrivning av anleggsmiddel eller oppskrivning av lån.

Anleggsmidlar	Inntektsført (drift/investering)	Av- og nedskrivning		Utgiftsført (drift/investering)	Oppskrivning Eiend (-) / Gjeld (+)	Netto
		Eiend (-) / Gjeld (+)				
Fast eiendom og anlegg	-58	-5 942		20 840		14 840
Utstyr, maskiner og transportmidler		-1 702		-		-1 702
Utlån	-694	-196		572		-319
Aksjer og andeler				599		599
Pensjonsmidler					19 187	19 187
Pensjonsforpliktelser					-21 543	-21 543
Langsiktig gjeld	-17 048			6 512		-10 536
<b>Saldo per 01.01.</b>						<b>125 789</b>
<b>Saldo per 31.12.</b>						<b>126 316</b>



## Note nr. 10 : Sjølvkostområder (tal i heile kroner)

Sjølvkost blir definert som meirkostnaden kommunen blir påført ved å produsere ei bestemd vare eller teneste. Kommunen må berekna dei faktiske kostnadene innanfor kvart tenesteområde og kontrollere mot dei rettslege rammene som er gitt. Gebyrintektene skal ikkje overstiga sjølvkostområda til kommunen.

**Kalulatorisk rente for 2018 (5-årig swaprente + 0,5 prosentpoeng) 2,30 %**

Sjølvkostområde	Vatn	Avlaup	Feiing	Oppmåling	Byggjesak
A. Direkte driftskostnader	1 828 602	756 396	1 761 971	1 378 479	927 572
B. Henførbare indirekte driftskostnader	81 583	81 583	66 723	24 110	30 198
C. Kalkulatoriske rentekostnader	508 763	42 977			10 538
D. Kalkulatoriske avskrivninger	1 653 358	71 833		23 838	
E. Andre inntekter og kostnader	-451		-1 301 966	-121 255	-15 082
<b>F. Gebyrgrunnlag (A+B+C+D+E)</b>	<b>4 071 854</b>	<b>952 789</b>	<b>526 727</b>	<b>1 305 171</b>	<b>953 225</b>
G. Gebyrintekter	3 443 169	1 446 698	689 237	534 837	528 206
<b>H. Årets selvkostresultat (G-F)</b>	<b>-628 685</b>	<b>493 909</b>	<b>162 510</b>	<b>-770 334</b>	<b>-425 019</b>
I. Avsetning til sjølvkostfond og dekking av fremført underskot		493 909	162 510		
J. Bruk av sjølvkostfond og framføring av underskot	628 685			770 334	425 019
<b>K. Kontrollsum (subsidiert) (H-I+J)</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
L. Saldo sjølvkostfond 1.1 i rapporteringsåret	-18 930 285	1 120 541	-756 824	-6 810 090	-2 563 590
M. Alternativkostnad ved bunden kapital på sjølvkostfond eller framføring av underskot	-435 397	25 772	-17 407	-156 632	-58 963
N. Saldo sjølvkostfond per 31.12 i regnskapsåret (L+M+I-J)	-19 994 366	1 640 222	-611 721	-7 737 056	-3 047 571
<b>Årets dekningsgrad (G/F)</b>	<b>85 %</b>	<b>152 %</b>	<b>131 %</b>	<b>41 %</b>	<b>55 %</b>

Utvikling sjølvkostfond	Vatn	Avlaup	Feiing	Oppmåling	Byggjesak
31.12.2002		-332 851			
31.12.2003		-361 775			
31.12.2004	-6 454 268	-214 943			
31.12.2005	-8 154 993	-359 295	-57 795		
31.12.2006	-9 774 535	-476 613	-114 098	-341 518	-106 099
31.12.2007	-11 335 663	-542 958	-222 302	-437 022	-129 276
31.12.2008	-13 055 028	-484 368	-289 152	-794 678	-382 964
31.12.2009	-14 310 249	-510 621	-320 179	-1 312 050	-585 284
31.12.2010	-15 431 835	-516 756	-380 471	-2 257 253	-589 248
31.12.2011	-15 926 827	-299 546	-377 122	-3 015 989	-848 248
31.12.2012	-16 356 850	-104 869	-471 721	-3 451 468	-1 121 868
31.12.2013	-16 807 489	108 600	-510 097	-4 348 076	-1 186 046
31.12.2014	-17 420 607	284 897	-530 505	-4 961 479	-1 623 376
31.12.2015	-17 559 442	386 982	-542 828	-5 439 853	-2 147 906
31.12.2016	-17 579 427	654 532	-564 934	-5 531 460	-2 440 595
31.12.2017	-17 943 338	964 529	-566 595	-5 724 254	-2 553 364
31.12.2018	-18 930 285	1 120 541	-756 824	-6 810 090	-2 563 590
31.12.2019	-20 045 938	1 588 319	-632 482	-7 757 817	-3 068 333

## Note nr. 11 : Interkommunale samarbeid (tal i heile kroner)

Rekneskaper til den kommunen der eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 har hovudkontoret sitt, skal angje overføringar til/frå samarbeidet og dei deltakande kommunane, egne inntekter til samarbeidet i regnskapsåret og disponeringen av overføringar og inntekter jf. rekneskapsforskrifta § 12 nr. 3.

<i>Interkommunale tiltak etter koml §27 med Masfjorden kommune som kontorkommune</i>	<i>Gulen og Masfjorden Brann og Redning</i>	<i>NAV kommune Masfjorden, Austrheim, Fedje, Gulen, Modalen</i>
Overføring frå Masfjorden kommune (kontorkommune)	2 169 485	425 018
Overføring frå Gulen kommune	2 948 257	1 023 651
Overføring frå Modalen kommune		384 075
Overføring frå Austrheim kommune		1 209 728
Overføring frå Fedje kommune		444 015
<b>Sum overføringar</b>	<b>5 117 742</b>	<b>3 486 487</b>
Egne inntekter	668 975	679 814
Driftsutgifter	5 786 717	4 166 301
<b>Resultat av verksemnda</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

I tillegg deltar Masfjorden kommune i følgjande interkommunale samarbeid:

### **Region Nordhordland Helsehus Iks (Org nr. 915 031 579)**

Masfjorden kommune deltar i eit §27 samarbeid om arkivforvaltning saman med 8 andre kommunar. Kommunen sin eigardel er på 5,40 %.

Kommunar: Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Radøy, Gulen, Osterøy, Modalen.

### **Interkommunalt Arkiv i Hordaland Iks (Org nr. 971 348 496)**

Masfjorden kommune deltar i eit §27 samarbeid om arkivforvaltning saman med 32 andre kommunar. Kommunen sin eigardel er på 1,92 %.

Kommunar: alle kommunar i Hordaland. Hovudkontor: Bergen.

### **Nordhordland Revisjon Iks (Org nr. 971 361 433)**

Masfjorden kommune deltar i eit §27 samarbeid om arkivforvaltning saman med 5 andre kommunar. Kommunen sin eigardel er på 6,50 %.

Kommunar: Osterøy, Meland, Radøy, Austrheim, Masfjorden, Fedje, Modalen.

### **Nordhordland Utviklingsselskap Iks (Org nr. 971 361 514)**

Masfjorden kommune deltar i eit §27 samarbeid om arkivforvaltning saman med 8 andre kommunar. Kommunen sin eigardel er på 4,18 %.

Kommunar: Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Radøy, Gulen, Osterøy, Modalen.


## Note nr. 12 : Strykingar og udekka investeringar

Det er ikkje gjennomført strykingar ved avslutning av driftsrekneskaper eller korrigeringer ved avslutning av investeringsrekneskaper.

## 3. ANALYSE AV REKNESKAPEN 2019

### 3.1 Driftsrekneskapen 2019

Figuren nedanfor syner utviklinga i driftsinntekter og driftsutgifter eksklusiv avskrivningar, men inklusiv finans. Differansen mellom linjene viser kommunen sitt netto driftsresultat i perioden, som også vert vist i prosent av brutto driftsinntekta med søylene i figuren.



Masfjorden kommune sine driftsinntekter auka nominelt med 7,2 mill. (2,9 %) frå 2018 til 2019. I same periode auka driftsutgiftene eksklusiv avskrivningar med 22,5 mill. (9,9 %), mens finanskapittelet viser ein netto reduksjon på 5,3 mill. Netto driftsresultatet i 2019 vart som følgje av dette redusert med 10,0 mill. i høve til året før.

Netto driftsresultat, som er eit av dei viktigaste nøkkeltala i kommunerekneskapen, vart i 2019 eit overskot på 5,7 mill. (2,2 % av årets driftsinntekter). Resultatindikatoren viser kva kommunen sit igjen med av driftsinntekter når alle løypande driftsutgifter, inklusiv renter og avdrag, er betalt. Basert på berekningar utført av Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) bør ein kommuneøkonomi i balanse ha eit netto driftsoverskot på minimum 1,75 % av driftsinntektene over tid. Eit slikt driftsnivå vil gje rom for avsetjingar til framtidig bruk, og til å finansiera deler av framtidige investeringar, slik at behovet for låneopptak vert redusert. Med høgare eigenfinansiering av nye investeringar, vil gjeldsveksten ikkje leggja for store bindingar på kommunen sitt framtidige handlingsrom.


Brutto driftsresultat, resultat før finans, vart i året eit underskot på -0,1 % av driftsinntektene gjennom året. Det gode netto driftsresultatet i 2019 har difor lite med den løypande drift å gjere:

- Urealisert gevinst finansplasseringar på 3,4 mill.
- Overskotslikviditet og forseinka framdrift i store investeringar, og som følgje av det lågare netto finansutgifter på 1,4 mill.


Korrigert for desse forholda (4,8 mill.) skulle netto driftsresultat i 2019 ha vore på 0,9 mill., som utgjer 0,3 % av driftsinntektene.

#### 3.1.1 Driftsinntekter

Kommunen sine driftsinntekter i 2019 vart 257,0 mill., og fordeler seg som vist i figuren nedanfor.



Utviklinga i driftsinntekter for perioden 2016–2019 vises i figuren nedanfor.



Frie inntekter, som består av skatt, rammetilskot og eigedomsskatt, utgjer hovudtyngda av kommunen sine inntekter, 141,8 mill. (55 %). Legg vi i tillegg naturressursskatten og konsesjonsavgifta blir summen på 157,0 mill. (61 %). Rekneskapen 2019 viser samla ein meirinntekt på 1,6 mill. i høve til justert budsjett, som omfattar høgare skatteinnang enn budsjettert (0,5 mill.), lågare rammeoverføringar/høgare inntektsutjamning (0,6 mill.), eigedomsskatt i balanse og meirinntekt frå naturressursskatt/konsesjonsavgift (1,7 mill.). Masfjorden kommune har i 2019 eigedomsskatt på berre verk og bruk, med ein skattesats på 7 promille av skattegrunnlaget.

Andre statlege tilskot omfattar integreringstilskot knytt til mottak av flyktningar (4,1 mill.), kompensasjonstilskot frå Husbanken (1,0 mill.), ekstra skjønnsmidlar knytt til velferdsteknologi og psykologiprojekt (0,8 mill.), samt kommunen sin del av utbetalte midlar frå Havbruksfondet (4,7 mill.). Andre overføringer omfattar midlar frå fylkeskommunen (0,2 mill.), frå kommunar (0,3 mill.) og private (0,3 mill.). Rekneskapen 2019 viser ein mindreinntekt på 0,5 mill. i høve budsjett.

Overføringer med krav til motyting omfattar ulike refusjonar frå stat (12,7 mill.), sjuke- og fødselspengerefusjonar (8,7 mill.), meirverdiavgiftskompensasjon (6,0 mill.), fylkeskommunar (0,6 mill.), kommunar (18,4 mill.) og private (2,5 mill.). Rekneskapen 2019 viser meirinntekt for alle refusjonane.

Brukarbetalingar syner ein mindreinntekt på 0,8 mill. som knytast til barnehage (0,3 mill.), helse (0,1 mill.), pleie og omsorg (0,3 mill.) og kultur (0,1 mill.). Sals- og leieinntekter

inkluderer gebyr, avgifter, husleige- og salsinntekter, samt sal av konsesjonskraft. Rekneskapen 2019 viser ein meirinntekt på 4,5 mill. i høve budsjett som i all hovudsak er knytt til sal av konsesjonskraft (2,8 mill.) og tekniske tenester (1,8 mill.).

### 3.1.2 Kraftinntekter

Masfjorden kommune hadde om lag 47,4 mill. i kraftrelaterte inntekter i 2019, opp frå 44,8 mill. i 2018, noko som utgjer om lag 18,4 % av kommunen sine samla driftsinntekter. Ein har tidlegare år vore oppe i om lag 25 % av dei samla inntektene i kommunen. Auken i 2019 i høve året før ligg i konsesjonskraft og eigedomsskatt.

Konsesjonsavgift		3,2 mill.
Naturressursskatt	12,0 mill.	
Trekk inntektsutjamning	-3,3 mill.	8,8 mill.
Sal av konsesjonskraft		14,3 mill.
Eigedomsskatt kraftverk og nett		20,3 mill.
Utbytteinntekt		0,8 mill.
<b>SUM kraftinntekter 2019</b>		<b>47,4 mill.</b>

Vertskommunen sine viktigaste lovheimla kraftordningar består av

- Konsesjonsavgift – industrikonsesjonslova § 2 nr. 13 og vassdragsreguleringslova § 11 nr. 1
- Konsesjonskraft – industrikonsesjonslova § 2 nr. 12 og vassdragsreguleringslova § 12 nr. 15
- Eigedomsskatt – eigedomsskattelova av 6.juni 1975 nr. 29
- Naturressursskatt – skattelova § 18-2

#### Konsesjonsavgift

Ved kraftutbygging vert regulator pålagt å innbetale ei avgift (konsesjonsavgift) til kommunen som Kongen bestemmer. Regulator kan og verte pålagt å opprette eit fond i dei einssilde kommunane. Fondet og dei årlege konsesjonsavgiftene utgjer det som ein kallar for Kraftfondet. Kraftfondet har ein fondskapital på ein million kroner innbetalt av Bergenshalvøens kommunale kraftselskap (BKK) i medhald av punkt 12 i konsesjonsvilkåra for regulering og overføring i Matrevassdraget. Fondet vart oppretta ved kongeleg resolusjon av 11. desember 1964 og i medhald til punkt to i konsesjonsvilkåra for ytterlegare reguleringar og overføringar i Matre og Haugsdalsvassdraga i samband med bygging av Haugsdal kraftanlegg (Vemundsbotten kraftstasjon), gjeve med kongeleg resolusjon av 8. februar 1980. Fondet vert årleg tilført avgift, som i 2019 utgjorde omlag 3,2 mill.kr. Det er eige budsjett og eige styre for handsaming av søknader knytt til disponering av fondsmidlane.

#### Konsesjonskraft

Etter gjeldande lover skal inntil 10 % av høvesvis gjennomsnittleg kraftmengde (ved ervervskonsesjonar) eller kraftauke (ved reguleringskonsesjonar) avståast til dei kommunar eller fylkeskommunar der kraftanlegga ligg. Avståing og fordeling av konsesjonskraft vert avgjort av vedkommande departement med grunnlag i kommunen sitt behov til den alminnelege elektrisitetsforsyning. Samla konsesjonskraftvolum utgjer 68,9 GWh i Masfjorden, det kommunen ut i frå alminneleg forsyning ikkje tek ut, går til fylkeskommunen.


Det er ulike reglar for fastsetjing av prisen på konsesjonskraft avhengig av om konsesjonane er gitt før eller etter 10. april 1959. Prisregime før og etter 1959 med bakgrunn i lovendring, som inneber at pris før 10.april 1959 – fastsetter partane sjølv prisen, basert på en sjølvkostberekning ved det aktuelle kraftverket, og følgjer m.a. av rettleiar KTV – notat nr.

53/2001, NVE – for konsesjonar gitt før 10.4.1959. Pris etter 10.april 1959 – vert fastset av olje- og energidepartementet (OED). OED fastset pris jf. ikl. § 2 nr. 12, 6.ledd basert på gjennomsnittlig sjølvkost for et representativt tal vasskraftverk i heile landet. OED-pris for 2019: 10,99 øre/kWh .

Masfjorden kommune har i løpet av året jobba for å få samordna prisregime og knytt desse til OED- pris. Førrebeles har kommunen kunne teke ut konsesjonskraft til OED pris/evt. sjølvkost som er lågare enn OED- pris. Volumet som kommunen kan ta ut og disponere fritt har auka gradvis. Utbygging Matre H vil medføre høgare sjølvkostgrunnlag i åra framover, som gjer at kommunen sin gevinst vert redusert. Mot slutten av 2017 inngjekk kommunen ein 5 års avtale med BKK om at all konsesjonskraft skal prisast til OED pris, og ikkje sjølvkost. Vidare har ein inngått avtale med Hordaland fylkeskommune som inneber at dei og får ta ut konsesjonskraft til OED pris, og for 2019 får Masfjorden ta ut 19 GWh av fylket sin del. Kommunen vil få ein mindre reduksjon i eigedomsskatten som følge av desse avtalane.

### Alminneleg elforsyning

Konsesjonskraftmengda som kommunen kan ta ut er avgrensa til kommunen sitt behov for elkraft til alminneleg elforsyning innan kommunen. Ved fastsetting av eige behov vert det ikkje teke omsyn til verken eigen kraftproduksjon eller medeigarskap i andre sine utbyggingar. Dette forholdet avgrensar kommunen sin rett til uttak av konsesjonskraft. I 2019 tok vi ut konsesjonskraft tilsvarende 53 GWh av den tildelte konsesjonskrafta på 68,9GWh. Volumet utover det kommunen tek ut går til Hordaland fylkeskommune. Forvaltning av konsesjonskrafta for 2019 har vore basert på spottpris straum og lokal områdepris ut mai, med prisgaranti frå juni og ut året – høge straumprisar ga høg netto inntekt .



### Eigedomsskatt

Eigedomsskatt er ein viktig skatt for Masfjorden kommune, og utskreven for verk og bruk. Denne inntekta utgjorde 20,5 mill. i 2019 som er ein del høgare enn det som ein hadde tidlegare.

### Naturressursskatt


Naturressursskatten er ein særskatt for kraftproduksjonsanlegg, og utgjer 1,3øre/KWh, der 1,1 øre går til kommunen og 0,2 øre til fylkeskommunen. Naturressursskatten vert utjamna i kommunen sitt inntektssystem, og snitt for kommunane er at ein beheld om lag halvparten av denne skatten. Naturressursskatten utgjer brutto for 2019 12,0 mill., noko som er ein liten auke i høve 2018. Kommunen får eit trekk i netto inntektsutjamning med om lag 3,3 mill.kr. Kommunen sitt att med netto 8,8 mill. i 2019.

## Utbytteinntekt


Masfjorden kommune er ein stor vertskommune for kraftutbygging, men er ein liten eigar. Kommunen har eigardel på 0,1% i BKK AS som i 2019 ga eit utbytte på 0,8 mill.

### 3.1.3 Driftsutgifter

Kommunen sine driftsutgifter i 2019 blei 257,3 mill. inklusiv kapitalelement i form av avskrivningar. Korrigert for kapitalutgifter, blei driftsutgiftene på 249,7 mill. Løn- og sosiale utgifter utgjør hovudtyngda av kommunen sine driftsutgifter (66 %). Kommunalt konsum av varer og tenester står for 25 % og resten er overføringer.



Utviklinga i driftsutgifter for perioden 2016–2019 er vist i figuren nedanfor.



Samla vekst innanfor utgifter til løn og sosiale utgifter var i 2019 på 2,6 %. Tilsvarande tal for 2018 og 2017 var på høvesvis 3,6 % og 4,1 %. Om lag 80 % av veksten i 2019 knytter seg til fastløn, resten til variabel lønn.

I høve budsjett viser lønnsutgiftene i 2019 eit samla meirforbruk på 3,9 mill., som omfattar meirforbruk fastløn (1,0 mill.), meirforbruk variabel lønn (3,3 mill.) og mindreforbruk tilhøyrande sosiale utgifter (0,4 mill.). Overforbruket knytt til variabel løn er finansiert med meirinntekt knytt til sjuke- og fødselspengerefusjonar (5,3 mill.).

Kommunen sine kjøp av varer og tenester omfattar både tenester som leverandørane yter til kommunen sjølv (tenester som inngår i kommunen sin tenesteproduksjon) og tenester som leverandørane yter direkte til brukarane på vegne av kommunen (tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon). Fordelte utgifter/internalsal inngår også i denne posten. Av samla auke i 2019 på 6,5 mill. står tenester som inngår i kommunen sin tenesteproduksjon inklusiv fordelte utgifter for 2,2 mill. Størst auke i høve til 2018 ser vi i utgiftene til avgifter/gebyr/lisens

og kjøp/leasing av driftsmidlar. Auke i konsum som erstattar kommunal tenesteproduksjon er på 4,4mill. og er i all hovudsak knytt til tenester levert frå private.


Kommunalt konsum hadde eit samla meirforbruk i 2019 på 10,9 mill. i høve budsjett, der tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon inklusiv feles utgifter står for 6,6 mill. og tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon står for 4,2 mill. Postane med størst meirforbruk i 2019 er avgifter/lisensar, vedlikehald og kjøp av tenester frå andre kommunar og private. Postane med høgast mindreforbruk i høve budsjett er forbruksmateriell og kjøp/leasing av driftsmidlar.

Overføringar er utgifter som ikkje er knytt til kjøp eller avtale om leveranse/produksjon av bestemte tenester. Rekneskapen 2019 viser ein auke i desse utgiftene i høve til 2018. Denne skuldast høgare overføringar til private.

Overføringar hadde i 2019 eit samla meirforbruk på 4,3 mill. i høve budsjett og er i all hovudsak knytt til overføringar til private. I tillegg, omfattar posten rekneskapsmessege risiko avsetjingar knytt til nokre fordringspostar i balansen på om lag 0,5 mill.

### 3.1.4 Lånegjeld, finansinntekter og -utgifter

Det blei i 2019 tatt opp eit nytt lån på 18,9 mill. til finansiering av årets investeringsaktivitet. Etter retningslinjene i finansreglementet for Masfjorden kommune, har kommunen som mål å ikkje ta opp meir i lån til investeringar enn det som kommunen betaler i avdrag i året. Dette er ikkje oppfylt i 2019. Etter årets låneopptak er samla lånegjeld ved utgangen av 2019 på 84,4 mill. Korrigert for formidlingslån, er kommunen si netto lånegjeld ved utgangen av 2019 på 76,0 mill.



Husbanken sitt startlån er lån som kommunen tar opp for vidare utlån til einskildpersonar til bustadføre mål. Resten av låneporteføljen er brukt til finansiering av kommunen sine investeringar i bygningar, anlegg og varige driftsmidlar til eige bruk.


Kommunelova stiller minstekrav til kommunen sine låneavdrag. Kravet bereknast med utgangspunkt i lånegjelda til investeringsføre mål ved førre årsskifte. For å finna minimumsavdraget blir denne dividert med vekta levetid for dei anleggsmidlar som etter rekneskapsforskrifta skal inngå i berekninga. Årets avdrag i driftsrekneskapen på 5,7 mill. tilfredsstillar minstekrava i lova, og er 2,9 mill. over minimumskravet. I tillegg er det betalt 0,8 mill. i avdrag på formidlingslån i investeringsrekneskapen.

Masfjorden kommune har gjennom høge avdrag halde gjeldsnivået lågt over tid. Høge lånefinansierte investeringar i 2019 og 2020 vil redusere handlingsrommet i åra framover. Betalte avdrag på lån eksklusiv startlån utgjør i 2019 7,5 % av netto lånegjeld (lån eksklusiv lån tatt opp for vidare utlån eller forskoteringar). Tilsvarende tal i 2018 var på 9,5 %.



Finansinntektene til kommunen består av renteinntekter frå bankplasseringar (1,0 mill.) og utbytte frå eigarpost i BKK AS (0,8 mill.). Kommunen sine plasseringar er klassifisert som omløpsmidlar og blir følgjeleg vurdert i rekneskapen til lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Auken i marknadsværdien av desse frå 2018 er i rekneskapen 2019 ført som ein netto urealisert gevinst på 3,4 mill.


Finansutgiftene omfattar rente- og låneutgifter og avdrag på lån. Renteutgifter på både kommunale og vidareformidlingslån er utgiftsført i driftsrekneskapen, medan berre avdrag på kommunale lån belastar driftsrekneskapen. Avdrag og netto renteutgifter målt i prosent av brutto driftsinntekter er i 2019 på 2,3 %, og er noko redusert frå 2,6 % i 2018. Dette viser graden av belastning finansområdet har på kommunen sine disponible inntekter. Jo lågare belastning finansområdet har, desto større del av driftsinntektene går til driftsaktiviteten.



Reduksjonen i finanskapitlet i 2019 skuldast høgare renteinntekt på overskotslikviditet og rekneskapsteknisk føring av kommunen sine kortsiktige plasseringar.

### 3.1.5 Avsetjingar og bruk av fond

Kommunen sitt netto driftsresultat kan nyttast til driftsfinansiering av investeringar (dvs. overføringer til investeringsrekneskapen) og netto fondsavsetjingar.



Frie fondsavsetjingar omfattar disponering av fjorårets rekneskapsmessige mindreforbruk, samt avsetjing til og bruk av disposisjonsfond. Midlane kan fritt disponerast til drift eller investeringar. Årets avsetjing på 9,7 mill. omfattar disponering av resultat frå 2018 (2,3 mill.),

avsetjingar i samsvar med budsjett (3,2 mill.), ferjefri kryssing Masfjorden (1,0 mill.) og konsesjonsavgift (3,2 mill.).

Bundne driftsfond knyter seg til øyremerkte tilskotsmidlar som er rekneskapsført på den einkilde eininga som har motteke desse tilskota til ulike prosjekt/utviklingstiltak, og inngår dermed i den einkilde eininga sitt nettoresultat.


Etter netto frie disposisjonsavsetjingar på 1,2 mill., overføring til investeringsrekneskapen på 1,0 mill. og netto bundne avsetjingar på 3,5 mill., er det rekneskapsmessige resultatet i 2019 på 0,0 mill. Resultatet i 2019 er påverka av den rekneskapsmessige risikoavsetjinga knytt til usikkerheit kring nokre fordringspostar i balansen.

Kommunelova set krav om at løypande drift ikkje kan finansierast ved låneopptak eller andre kapitalinntekter. Disposisjonsfondet bør difor ha ein storleik som kan jamna ut negative konsekvensar av endringar i inntekter og utgifter. Før disponering av årets rekneskapsmessige resultat er disposisjonsfondet til Masfjorden kommune på 59,2 mill., og utgjer 23 % av årets brutto driftsinntekter.

### 3.2 Investeringsrekneskapen 2019

Vedteke investeringsbudsjett for 2019 hadde ei investeringsprogram på 38,8 mill. Av større investeringar i 2019 var oppstart av omsorgsbustadar på Hosteland (32,5 ill.), og elles investeringar innan IKT, kommunale bygg, kommunale vegar, kommunal medverknad til nye bustadfelt og infrastruktur innan vatn og avlaup. Opphavleg budsjett blei seinare justert ned til eit aktivitetsnivå på 23,9 mill., som skuldast forseinka framdrift med store investeringsprosjekt.

Utviklinga i investeringar for perioden 2016–2019 er vist i figuren nedanfor. Gjennomsnittleg investeringsaktivitet i perioden 2016-2018 har vore på 11,6 mill. Nivået i rekneskapen 2019 visar ein høgare aktivitet enn åra før.



#### Diverse investeringar

Omfattar prosjekt knytt til IKT og digitalisering, breiband, transportmidlar, signalanlegg på sjukeheimen, anleggsmaskinar, tilrettelegging av bustadfelt og næringsutvikling. Summen på 2,4 mill. i 2019 summerer fleire innkjøp i ulike avdelingar. Investeringsdel via IKT Nordhordland, som kunne ha vore ført i investeringsrekneskapen, er utgiftsført i 2019 som driftsutgift.

### Investeringar i bygg og eigedom

Omfattar inventar og utstyr til skular, barnehagar, tomt, bygg og kommunale bustader. Av samla investeringar på 17,4 mill. i 2019 er 0,3 mill. knytt til skule og barnehage, 0,5 mill. til diverse kommunale bygg og 16,5 mill. til omsorgsbustader.

### Investeringar i kommunale vegar

Omfattar påkostningar og investeringar knytt til kommunale vegar. Samla budsjett for oppgradering kommunale vegar i 2019 er på 1,3 mill., og investeringsrekneskapan viser bruk gjennom året i høve justert budsjett.

### Sjølvkostinvesteringar

Posten er knytt til påkostningar av vatn og avlaup. Det har ikkje vore investeringsaktivitet knytt til desse postane i 2019.


Ved utgangen av 2019 har Masfjorden kommune ingen gjennomførte investeringsprosjekt som ikkje er finansiert.

## 3.3 Balanserekneskapan 2019

Balanserekneskapan viser oversyn over kommunen sin økonomiske situasjon på eit tidspunkt, og viser kommunen sine eigedelar og korleis desse er finansiert.

### Eigedelar

Eigedelane blir klassifisert som anleggsmidlar eller omløpsmidlar. Anleggsmidlar er eigedelar bestemt til varig eige eller bruk, og omfattar varige driftsmidlar, utlån, pensjonsmidlar og eigenkapitaltilskot til pensjonsordninga i KLP.




Kommunen sine eigedelar viser ein auke på 107,9 mill. i perioden 2016-2019. Av auken står pensjonsmidlar/premieavvik for 59,2 mill. og varige driftsmidlar for 16,0 mill. Kommunen sine plasseringar av både varig/strategisk og ikkje varig art viser i same periode en auke på 6,8 mill., medrekna urealisert gevinst/tap. Kortsiktige fordringar viser ein reduksjon på 3,9 mill., og bankplasseringar viser ein auke i perioden på 28,4 mill. Utlån som i all hovudsak er formidlingslån viser ein auke på 1,4 mill.

### Eigenkapital

Eigenkapitalen består av en fondsdel og kapitalkonto. Kapitalkontoen beskriv kor mykje kommunen har brukt av eigenkapitalen sin til å finansiera anleggsmiddel, og framkommer som


differansen mellom balanseført verdi av anleggsmidler og langsiktig gjeld justert for ubrukte lånemidler.



Kommunen sin egenkapital viser ein auke i perioden 2016-2019 på 45,6 mill. Kapitalkontoen står for 24,5 mill. av auken og frie fond inklusiv udisponert resultat for 14,8 mill. Resten av auken er bundne fond, 6,4 mill.

## Gjeld

Gjeld blir klassifisert som langsiktig og kortsiktig. Gjeld som blir tatt opp med formål i tråd med kommunelova § 50 blir klassifisert som langsiktig. Pensjonsforpliktingar er også av langsiktig karakter.



Kommunen sine gjeldsforpliktingar viser ein auke i perioden 2016-2019 på 62,3 mill. Av auken står pensjonsforpliktingar/premieavvik for 41,3 mill. og annan kortsiktig gjeld for 7,6 mill. Både formidlingslån og lån med investeringsformål viser i same periode ein auke på høvesvis 1,8 mill. og 11,5 mill.